

**Fra:** Svein Arne Vågane  
**Sendt:** mandag 23. oktober 2023 13:48  
**Til:** AL-Dokumentsenter-Alle  
**Emne:** Dykkar referanse 23/6750 - 23/77838

---

**Fra:** Overvoll, Olav <[olav.overnoll@statsforvalteren.no](mailto:olav.overnoll@statsforvalteren.no)>  
**Sendt:** mandag 23. oktober 2023 09:29  
**Til:** Postmottak Alver <[post@alver.kommune.no](mailto:post@alver.kommune.no)>  
**Kopi:** Svein Arne Vågane <[svein.arne.vagane@alver.kommune.no](mailto:svein.arne.vagane@alver.kommune.no)>  
**Emne:** Dykkar referanse 23/6750 - 23/77838

Hei!

Vi viser til spørsmål om uttale i samband med førekomst av ein raudlista sopp i nærleiken av eit område som er omsøkt drenert.

Området omfattar ei dyrka mark som ligg på gbnr. 150/3 i Alver kommune. Den aktuelle raudlistearten er rosakjøtriske som har status som sårbar. Dyrkamarka ligg inntil ein naturtypelokalitet registrert som «Gammel, fattig edelløvsog» med verdi viktig (B-verdi)

Etter vår vurdering, vil ikkje den omsøkte dreneringa ha noko å seie korkje for edellauvskogen eller rosakjøtriske. Dreneringsgrøftene munnar ut på vestsida av ein i ein bekk, og edellauvskogen ligg på autsida av denne bekken.

Rosakjøtriske dannar mykorrhiza med eik, lind og bøk, i lågurteikeskog, rik eik-lindeskog og lågurtbøkeskog (Artsdatabanken 2021), og er såleis knytt til skogen i området, og ikkje den dyrka marka. Eit funn av soppen har senterpunkt på dyrkamarka, men oppgitt presisjon er 100 meter. Ein kan difor rekne med at funnet er gjort inne i tilgrensande skogen. To andre funn av soppen ligg begge inne i edellauvskogsfiguren.

Det er heller ikkje grunn til å tru at den dreneringa som alt har funne stad (etter 2018 jf. flyfoto) har hatt noko å seie for rosakjøtriske eller edellauvskogen.

Med venleg helsing

**Olav Overvoll**

Seniorrådgjevar



**Statsforvaltaren i Vestland**

Telefon: 55 57 23 15

Mobil: 97 72 36 45

E-post: [olav.overnoll@statsforvalteren.no](mailto:olav.overnoll@statsforvalteren.no)

Web: [www.statsforvaltaren.no/vl](http://www.statsforvaltaren.no/vl)